



NM for brass band som gjekk av stabelen helga som var. Nærmare 2000 utøvarar var samla. Også Uskedalen var representert.

**Sist helg deltok tre uskedelinger i NM for brassband i Grieghallen i Bergen. Det var Mette Ekornrød, Gunnvald Friheim og Bjørn Naterstad som tok del i denne flotte opplevinga saman med Rosendal Musikklag.**

Til saman deltok 63 korps fordelt på 5 ulike divisjonar, elite og 1. – 4.divisjon. Rosendal deltok i 3.divisjon. Dei spela det krevjande stykket Sunset Rhapsody av Eric Ball. Gunnvald fortel at dei var godt fornøgde med gjennomføringa, og at det var mykje positivt i dommarkommentarane. Dommarane gav korpset 83 poeng og det resulterte i 15. plass, og dermed vert det truleg spel i 4. divisjon neste år.

Vi er imponert over det høge nivået dette korpset no har halde gjennom mange år. Deltaking i desse harde konkurransane er nok eit viktig middel til å oppretthalda dette nivået. Vi føler oss trygge på at dei vert med å kjempa i toppen av fjerdedivisjon i NM neste år.

Frå Sunnhordland deltok også Tysnes Musikklag og Sagvåg Musikklag. Dei kom på 9. og 10. plass i 2.divisjon. Vinnaren av elitedivisjonen vart Stavanger Brass Band. Dei tok seieren heim for fjerde gong iløpet av dei fem siste åra.

Av Thor Inge Døssland

 [Resultat frå NM i brass 2007](#)